



Kulturrådet
v/Gunnar Urtegård,
Digitalt ABM

Dykkar ref
10/364

Vår ref.
2010/58169 ANNMAL

Dato
08.03.2011

Vedtak om kassasjon av nettstaden for hundreårsmarkeringa

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Vi er samde med ABM-utvikling i at nettstaden for hundreårsmarkeringa inneheld bevaringsverdig materiale.

Hundreårsmarkeringa for Noregs sjølvstende frå Sverige blei vedtatt av Stortinget, men planlagt og gjennomført av Kulturdepartementet gjennom det statlege selskapet Hundreårsmarkeringen-Norge 2005 AS. Svært mange institusjonar, organisasjonar og lag deltok i markeringa. Hundreårsmarkeringa for Noregs sjølvstende frå Sverige er eit jubileum, som det er viktig å dokumentere for ettertida.

Arkivet etter Hundreårsmarkeringen – Norge 2005 AS er tidlegare bevart. Mykje av informasjonen på nettstaden ligg i selskapsarkivet. Informasjonen på nettstaden er og tilgjengeleg i pdf-format, blant anna i form av årsrapportar, revisjonsberetning, sluttrapport og prosjektkatalog. Sluttrapporten inneheld alle artiklane som er publisert på nettstaden. Prosjektkatalogen gjev informasjon om alle arrangement i hundreårsmarkeringa. Bevaring av PDF-dokumenta vil saman med selskapsarkivet vere tilstrekkeleg for å dokumentere Hundreårsmarkeringen-Norge 2005 AS si verksemd.

Riksarkivaren vedtar at følgjande dokument skal bevarast frå nettstaden for hundreårsmarkeringa:

årsrapportar
revisjonsberetning
sluttrapport
prosjektkatalog

I og med at berre nokre få dokument skal bevarast, er det mest tenleg at dokumenta vert avleverde på papir og inkorporerte i arkivet etter Hundreårsmarkeringen-Norge 2005 AS når det kjem til Riksarkivet. Nettstaden for hundreårsmarkeringa kan deretter kasserast.

Med helsing

Ivar Fønnes
riksarkivar

Anna Malmø-Lund
arkivar